


NR. 8

DESEMBER 1980

13. årgang



ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10 — 11.30
Torsdag kl. 17.30 — 19.00
Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.
Kontortid: Tysdag 17.00 — 18.00 og fredag 09.00 — 10.00.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna
Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle,
Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.
Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.
Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff nr. 1. 1981: 1. jan., nr. 2., 1. febr.

Framsdebiletet — eit julekort

Denne gongen har vi henta framsdebiletet frå eit julekort. Vi har ikkje trykt det i fargar. Slik at kortet i seg sjølv er mykje finare. Det er laga etter original av Anders Færevåg. Julekorta me sender er oftast lite med på å få fram det eigentlege innhaldet i julehøg-tida. Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag har laga dette og ei rekkje andre julekort med kristne motiv. Desse korta er ikkje dyrare enn andre kort, og dei kan kjøpast på kontoret i Kalfarvei 8 (Ved Stadsporten).

Samstundes med at ein då får fine og meiningsfulle julekort, er ein også med å støtta kristent arbeid mellom studentar og skuleungdom.

ADVENTMØTE

Tunes bedehus fredag 12. des. kl. 19.00. Trekning av tinga som er lodda ut til inntekt for Takvam kapell.



KIRKENES SOS

Kirkenes SOS i Bergen er eit senter for samtale og sjelesorg. Der kan ein ringja om kvelden eller natta og få snakka med eit anna menneske. Ein treng ikkje å oppgje namn. Det er ope alle dagar kl. 19.00-07.00. Telefon 23 30 80.

Kirkenes SOS søker også fleire kristne frivillige medarbeidarar over 22 år. Søklarar må vera over 22 år, og dei må vera medlemmer av Den Norske Kyrkja eller Den Evangelisk Lutherske Frikirke.

Interesserte er velkomne til å ta kontakt over telefon 23 30 80 kl. 11.00-14.00 for nærare opplysningar.

SØNDAGSSKULEFEST

Søndagsskulefest vert 29. des. kl. 17.00 på Ytre Arna bedehus.

MISJONSJULEFEST

Det vert misjonsjulefest på Arna bedehus 11. jan. kl. 18.00.



Julehelsing frå biskopen:

Er Jesus verkeleg født?

Er joleevangeliet berre eit religiøst eventyr kan hende? Noko som fromme menneske har dikta ihop i si tid for å gjeva folk noko ufårleg å tru på, noko som kunne brukast som årsak til ein midtvintersfest med passe religiøs glans? Har han kan hende ikkje eksistert i det heile? Er joleevangeliet berre ei heilagsegn?

I vår tid er det mange som målmedvete freistar å gjera joleevangeliet til ei segn for å gjera Jesus Kristus ufårleg. Dei får hjelp av oss dersom me i tankeløyse pakkar realiteten i evangeliet inn i altfor mykje ytre stas og ståhei. Me kan i god meining verta så opptekne av jolefestar at vår Herre Jesus vert gøymt for andre og for oss sjølve. Sjølv om me ikkje vil det, kan me koma til å stå i vegen for evangeliet si utfordring.

Det faktiske er at knapt noko historisk hending har så gjennomsolide og urikkande prov for seg som det at Jesus eingong vart født inn i vår slekt. Det treng me ikkje å freista tru, det kan me veta like visst som me sjølve er til. Heile hans samtid var ikkje i tvil om at Jesus frå Nasareth var like verkeleg og levande som dei sjølve, ja, at han var noko meir enn dei. Lækjaren Lukas granska tilhøva om fødselen hans millom deim som kjende Jesus frå han kom til verda. Og Lukas var så trygg på sanningsinnhaldet at han skreiv det ned for ein framstående mann med risikoen. for å bli stempla som lygnar i det gjennomsiktlege vesle jødefolket. Men det hende ikkje, for sjølv Jesus værste fiendar kunne ikkje nekta at Jesus var til!


Joleevangeliet er sanning. Det heilt einestående ved denne bodskapen er at kvar den som tek imot sanninga, han få augo oppletne så han oppdagar sanninga om seg sjølv og om han som kom til vår verd den første jolenatta. Han får sjå Guds kjærleik til seg i Jesu augo, i Jesu soningsdød og oppstode. Det underet har hendt millionar gonger før. Det vil hende heilt til Jesus kjem att, i dag og.

Velsigna jol!

BARNESIDE

ADVENTS-TID


Veit du kven vi tenkjer på når vi tenner advents-lys?
Jesus sa ein gong: — *Eg er verdens lys*».



Her kan du farge-legge:

1. Svart
2. Blå
3. Lilla
4. Gul
5. Orange
6. Raud
- ...

LYSE STØYPING




Dersom du får hjelp av vaksne, kan du laga stearinlys av lysestumpar. Ver varsam for stearin er brannfarleg.

1. Smelt lysestumpar i ein blekkboks over vannbad. Ta vekk gamle veikar.

2. Fest den nye (eller gamle) veiken i botnen på youghurt-beger, sandkakeform e.l.

3. Tøm smelta stearin i forma, litt om gongen. Lat stå til stearinen er stivna, og ta det så ut av forma.

ORD-REBUS



Første bokstav i kvart ord vert namnet på ei bok.

Hår du denne boka kan du slå opp salme 119, vers 105 og lese kva som står der.

KRYSSORD


Loddrett:

- 1 Stasjon på Dovrebana
- 2 Jentenamn
- 3 Notid av usjølvt. verb
- 4 Gutenamn
- 5 Stjernebilete
- 7 Smila
- 8 Les du om i eventyra
- 9 Dyremage
- 10 Bør du seia når du får noko
- 12 Songfugl
- 13 Gjer ein vondt
- 16 Sint


Vassrett:

- 1 Rovdyr
- 4 Utfyllingsord
- 6 I kyrkja
- 9 Snautt
- 11 Få seg mat
- 12 Skolmefrukt
- 14 Bibelsk mannsnamn
- 16 Slekting
- 17 Tidsmålar
- 18 Kvern
- 19 Herrelaus kone
- 20 Pattedyr

(Summe av løysingsorda er på bok-mål).



Ny stor dag på Takvam kapell



Sigurd Øyjord med noko av det han har laga til kapellet.

Det er ikkje lenge mellom kvar gong kyrkjelydsbladet skriv noko om Takvam kapell. Og det er ikkje fordi vi ikkje har anna å skriva om, men fordi kapellet har ei svært aktiv nemnd som arbeidar for kapellet, og dei er flinke til å få til slik at det hender ofte noko der.


Helgemessesundag var ein ny stor dag i kapellet si søge. Då var det gudsteneste ved domprost Monstad, og prestane i Arna var også med. Ved denne gudstenesta vart mykje nytt utstyr til kapellet teke i bruk. Nemnda hadde fått laga knefall til altarring, nummer-tavle som salmenummer, messe-

hakel, døypefront, dåpsfat og dåpsmugge, vinkanne og lysekrone.

Kapellet er no fullt utstyrt til alle kyrkjelege handlingar. Og det som er ekstra hyggeleg er at det meste av desse tinga er laga av folk frå bygda. Alt trearbeid er gjort av Sigurd Øyjord, Trengereid. Han har tidlegare også laga preikestol og altar.

Messehakelen er sydd av Kirsten Minde, Takvam. Midlar til dette har nemnda fått ved inn-samling.

Framhald side 12



Jule - konsertane

Arna kyrkje

Julekonsertane i Arna kyrkje vert i år arrangert søndag 7. desember.

Kl. 16.00 underheldt skulekorpsa og barnekor med julemelodiar og kl. 19.00 medverkar desse lokale musikk-kreftene: Musikklaget «Janus», dir. Tore Namtvedt, Arnavågen Musikklag, dir. Audun Møllerup Boge, Arna Orkesterforening, kapellmester Pål Morten Solligard, Trompetaren Dagfinn Garnes Johnsen, Arna kyrkjeor, dir. Paul Leithaug, Haukeland Songlag, dir. Harald Henriksen, Ådnamarka strykeorkester, dir. Odin Røssland og sist men ikkje minst sokneprest Øyvind Øy.

I fjor samla julekonsertane over 1.300 menneske, noko som viser at interessa for song og musikk er svært høg hjå Arnabuarane. Vi vonar at bygdefolket i år også sluttar minst like godt opp om arrangementa. Overskotet går til diakoniarbeidet i kyrkjelyden.

Ytre Arna kyrkje

Julekonserten i Ytre Arna kyrkje vert i år sundag 14. desember kl. 19.00.

Dei som medverkar er Breistein Mannskor, Tertnes Sangkor og Arne Musikkforening. Det vert andakt ved sokneprest Øy.

Det vert kollekt til å dekkja utgiftene ved konserten. Vi vonar på god oppslutning også i år.



JULEFEST FOR ELDRE

Den årlege julefesten for eldre i Ytre Arna vert på bedehuset sundag 4. jan. kl. 16.00.

Tale ved sokneprest Ingvar Fykse.

Beverting.

Alle eldre er hjarteleg velkomne!



JULEFEST FOR FAMILIEN

Familiefest i Indre Arna Bedehus laurdag 27. des. kl. 16.00.

Andakt v/Martin Atle Eldholm. Song av «Barnerøster». Program v/borna.

Gong rundt juletreet.

Beverting.

Alle er hjarteleg velkomne!

Indre Arna Søndagsskule

«Barnerøster»

DØYPTE:

Arna sokn:

- 19/10: Asbjørn Arnesen.
22/10: Alexander Hale, Karoline Hammersland.
26/10: Linn Skulstad Wangen, Øyvind Unneland.
2/11: André Torsvik, Kjetil Bøe, Kristine Faugstad.
9/11: Øyvind Nilsen, Kjersti Johansen, Anette Christin Larsen.
16/11: Katinka Maria Thomsen.

Ytre Arna sokn:

- 16/11: Arne Rolland, Nina Titlestad.
23/11: Torill Blindheim.

VIGDE:

Arna sokn:

- 25/10: Villy Tor Møller Andersen og Anny Karin Jordan.
25/10: Rune Henriksen og Agnete Skaar. Vigde i Centralkirken, Brg.
1/11: Torbjørn Kåre Høyseter og Gunn Helen Jørgensen. Vigde i Ådland Kirke.

Ytre Arna sokn:

- 1/11: Anne Berit Helgås og Otto Magnar Hjemdal.

DØDE

Arna sokn

- 12/10: Bjarne Karlsen, f. 1920.
13/10: Kaia Mathilde Fitje, f. 1900.
18/10: Bjarne Konrad Endresen, f. 1899.
2/11: Marie Josefine Sivertsen, f. 1894.
10/11: Ruth Stenestø, f. 1918.

Ytre Arna sokn:

- 21/10: Sigvard Koppen, f. 1903.
24/10: Johan Stamneshagen, f. 1919.
13/11: John Martinus Rivenes, f. 1898.

4-åringane i Ytre Arna

Kyrkjelyden deler ut boka «Mi kyrkjebok til alle døypte born som er fødte i 1976. Det gjeld også dei som er døypte andre stader men som no bur i Ytre Arna. Vi har berre adressa dit de budde då barnet vart døypt, og vi vil gjerne at dei som er flytta innan Ytre Arna eller er flytta til Ytre Arna melder frå til prestekontoret slik at borna dei-
ra også kan få boka. Det er ei fin og rikt illustrert bok som borna set stor pris på.

Familieside

Møllendal kirkegård

Kirkeseksjonen i Bergen har kunnjort at felta F 10 og O 00 på Møllendal kirkegård skal takast i bruk til ny gravleggjing. Feltet F 10 er kistegraver frå 1939-1941, og O 00 er kistegraver 1943-1945. Dei som ynskjer forlenga fredningstida for nokon av desse gravene, må betala avgifta innan 1. mars 1981. Utstyr på gravene som ikkje har fått forlenga fredningstid, må hentast innan 1. mars, ellers vert det kyrkjegarden sin eigedom.

Nærare opplysningar får ein ved Møllendal kyrkjegardskontor tlf. 29 92 41.

Presten har ordet



Harald Sundsbø

Jule- gåvetips til borna

— Skal eg no lesa det her også, tenkjer du kanskje. Avisene er jo fulle av denslags akkurat no, og annonsene prøver så godt dei kan å fortelja oss kva me bør kjøpa. Skal no presten også vera med i dette kommersielle jaget der julehøgtida vert borte i pakkar og stas?

Eigentleg var det ikkje julegåvene som var utgangspunktet for desse enkle tankane.

Mange av dykk sorn les dette, er foreldre eller fadrar til born som er døypte.

Som foreldre svarar ein ja til at barnet skal døypt og oppsedast i den kristne forsaking og tru. Dette «ja» er ikkje eit innhaldslaust ord, men det skulle også vera uttrykk for ein vilje til å gjera noko for at barnet skal få ei slik oppseding.

Men kva skal ein gjera? Denne gongen vil eg berre ta fram ein ting. Og det skulle la seg gjera for alle saman: Kjøpa barnebøker som fortel om Jesus.

I dei siste åra har det kome ut mange gode og fine kristne barnebøker. Om ein går inn i ein bokhandel med litt utval i kristen barnelitteratur, vil ein finna mykje fint å velja mellom. Men eg tenkte også at eg denne gongen skulle gjera det endå meir lettvent med å nemna noko:

For born 2-3 år:

Serien «Små ugler». Utgjeve av Bibelleseringen i Norge.

For born 4-6 år:

Serien «Hva Bibelen forteller oss». Andaktsbokselskapets forlag. Ei rekkje fine bøker med enkel bibelforteljingar og gode teikningar for borna.

«Ei bok om Jesus. Biletbok av høg kvalitet.

«Songar for dei små». (IKO) Kan kjøpast på bokmål og nynorsk. Enkle barnesongar. Songane kan ein også få innspela på plate/kasset.

For born 6-12 år:


Anne de Vries: «Barnas Bibel».

Kari Vinje: «Gud og jeg er venner». Fin til høgtlesing.

Så kvifor ikkje la dette vera tips til julegåver? Då kunne julegåva også vera med å gje noko som varer.

Konfirmasjon 1981

Konfirmasjonssundagen i Ytre Arna vert 3. mai, i Arna 3. og 10. mai.



— Hr. pastor, når nå vår sønn skal gå til presten hos Dem, hvor ofte behøver vi gå med ham i kirken?

— Det behøver de sannelig ikke gjøre ofte. Bare De gjør det en gang om uken — om søndagen!

Flinke born

På Kyrkjekontoret har vi hatt besøk av Kristin Holstad, Tone Bårtvedt og Jannicke Vågenes. Dei hadde laga avis som dei hadde selt, og resultatet vart kr. 40,- til Redd Barna.

Kent Ove Haaland og Vegard Kversøy har selt misjonsblad og det ga kr. 30,- til «born som svelt i Afrika».

Vi gjev dei ros for innsats og omtanke som dei viser på denne måten.

Kyrkjelydshus i Indre Arna

Det går framover med planlegginga av kyrkjelydshus i Arna. Huset er tenkt oppført som eit vinkelbygg på noverande bårehus like ved Arna kyrkje. Bygningsråd og Det kyrkjelege fellesråd har gjeve grønt lys for bygget. Det blir no søkt om å få hjelp av kommunen til å utarbeida teikningar og kostnadsoverslag.

Retting av kyrkjeruta

I førre nummer av kyrkjelydsbladet hadde det diverre kome inn ein feil i rutetida for bussen frå Trengereid til Arna søndag føremiddag. Det var stoppestaden Garnes som ikkje hadde fått rett tid.

Rett rutetid skal vera:

Frå Trengereid	10.05
Frå Y. Takvam	10.15
Frå Tunes	10.20
Frå Garnes	10.25
Til Arna bomm.	10.30

UNGDOMSKVELD

Det vert ungdomskveld i Indre Arna Bedehus laurdag 13/12 kl. 19.00. Andakt ved ungdomsarbeidar Audun Hjellvik.

«Ungdomsvarden» frå Osterøy tek del.

Beverting.

Arr.: Ungdomsnemnda i Indremisj.

Gjesting frå Rostadheimen

Vi får gjesting av ei gruppe frå Rostadheimen fredag 19. desember kl. 18.00 som mellom anna vil framføra eit julespel. Vi som møte fram til juleframsyninga i fjor — tykte det var ei fin oppleving, og vi gler oss til å få gjesting denne gongen også. Altså: Mann av huse!

Merk tida: Kl. 18.00 i Arna kyrkje.

ELDRESAMLING JULAFTAN

Det vert samling for eldre i trygdebustadane på Flatane i Ytre Arna julaftan kl. 11.00.

Til Alle som glede meg på 75-årsdagen

Takk for helsingar og blomar og mange gåvor som eg fekk, hyggelege telefonar, takk til dykk som kom og gjekk. Overvelda sit eg att i stova, gode vener er den beste gåva.

Helsing
Brita Romslo



«Lokalkirke» på Haukeland

En tradisjon som hadde hvilt i 40 år ble blåst nytt liv i denne søndags-ettermiddag 9. nov.

Et trekors i neverkledd bjørk hang på veggen. Materialene var hentet av soknerådsformann Olav Hesjedal fra egen skog på Osterøy. Jens K. Hauge hadde stått for symbolutformingen. — Med enkle midler var rammen lagt.

Sokneprest Øyvind Øy møtte sin menighet på Haukeland med mildhet og varme. Familiegudstjenestens store og små fikk sine tanker knyttet til «enkens skjerv» — hun som hadde lite, men gav alt.

Knut Inge Rokne og Arild Viste — begge elever ved Unneland skule — bidro til å gi denne høytidsstunden nærhet ved å lese tekster for dagen.

Ved kirkekaffen etter gudstjenesten var det mange som gav uttrykk for stor glede ved at en igjen har fått gudstjenestetilbud i Haukelandsområdet.

Osakar Kleiven var mellom disse — og han gjorde det slik ved å lese fra Bibelen: «Dette er dagen som Herren har gjort. La oss fryde og glede oss over den».

Og det var nettopp det vi gjorde denne dagen.

Velkommen til gudstjeneste igjen i grendahuset 11. jan., hvor Haukeland Songlag vil delta. Det blir kirkekaffe. Men før det blir det lysmesse i Unneland bedehus 7. des. begge dagene kl. 16.30.

Ofringane i kyrkjelydane våre

ARNA:			
5/10: Søndagsskuleforbundet	16/11: Kyrkjelyden	kr. 1016	
	kr. 3128		
12/10: Indre Sjømannsmisjon	YTRE ARNA:		
	5/10: Arna søndagsskulelag		
	kr. 1596	kr. 1019	
12/10: Det Norske Misjonsselskap	12/10: Det Norske Misjonsselskap		
	— kollekt	kr. 535	
19/10: Norsk Lærarakademi	19/10: Kyrkjelydsarbeidet	kr. 434	
	9/11: Sjømannsmisjonen —		
2/11: Arna kyrkjelyd-kollekt	kollekt	kr. 640	
	kr. 893	16/11: Santalmisjonen	kr. 917
9/11: Santalmisjonen	kr. 1703		

ETTERLYSING

Arna kyrkjekor har 19 ledige mapper med gode notar i, og dei etterlyser fleire songglade medlemmer. I tillegg til øvingane har dei også andre samvær som weekendar, turar og festlege samkomer ein kan vera med på.

Koret har øving kvar onsdag kl. 20.00-21.30 i kyrkja. (Inngang prestesakrestiet). Første øving etter jul vert onsdag 6. jan.

Velkomen du og!



SPEIDARJOBBen

KFUK og NSF-speidarane i Indre Arna og på Lone har i haust vore med på den årvisse Speidarjobben. I år jobba dei inn tilsaman 6.100 kr. Pengane i Speidarjobben 1980 skal gå til å byggja oppatt skule og barnehage i ein brannerherja flyktningeleis i Thailand. Speidarar og leiarar takkar alle som gav dei arbeid slik at resultatet vart så godt.

MENIGHETS FAKULTETET

Menighetsfakultetet treng gáver for á kunna halda arbeidet i gang. I haust har dei også hatt ein stor aksjon for á nedbetala gjelda på undervisningsbygget. Renter og avdrag på gjelda som var over 6 mill. kr., tok kvart ár mykje av det som skulle gå til drifta.

Vil du vera med á sikra økonomien i ár? Gáver til MF er skattefrie, og ein kan trekkja frá summen på sjølvmeldinga.

Adressa er:

Gydass v. 4, Oslo 3.

Postgiro: 5 12 87 80.

Bankgiro: 8002.31.70896.

MF har i dag rundt 1.000 studantar.


frá side 6

Dei har satsa friskt for á fá desse tinga ferdige. Og det er enno ikkje nok pengar til alt som er på plass i kapellet. Difor har dei no gåande ei utlodning til inntekt for kapellet.

Etter gudstenesta var det ei stor fest på Tunes bedehus. Der var det fullsett sal. Nemnda hadde laga ei festleg ramme om det, og eit godt og variert program. Kyrkjekoret var med og song, og Haldor Romslo leia festen godt og med humør.

Men kapellnemnda har ikkje lagt inn årene med det som til no er gjort. Dei presenterte på festen planar om utviding av kapellet. Ved denne gudstenesta var plassen altfor liten, og mange måtte stå tettpakka ute i gangen. Ved ei utviding vil ein forlenga kapellet 5 meter, og det er alt utarbeida teikningar for det.

Dá vil det verta omlag 100 sitjeplassar — i dag er det vel 40.



Litt om 2 av julesongane våre

Jeg er så glad hver julekveld

Den vart truleg skriven julaftan 1858, for den står i ei lita bok som vart trykt i 1859. Boka hadde tittelen: Kjetil, en julegave for de små. Gamle folk fra Toten har fortalt korleis songen vart til.

Marie Wexelsen sat julaftan på kjøkkenet på garden Sukkestad og venta på at nokon gjestar skulle koma. Det var i skyminga, og kyrkjeklokkene hadde teke til á ringja jula inn og mora heldt på á tenna lysa i stova «så ingen krok er mørk». I denne stemninga var det at songen tok form og vart skriven ned. Ein kan vel trygt seia at denne songen er den kjæraste julesongen for alle born i vårt land.

Dá Marie Wexelsen vart gravlagd i Trondheim i 1911, var det mange born som fylgde henne til grava. Og dá borna skulle syngja ved grava hennar, var det songen «Jeg er så glad hver julekveld» dei song.

Glade jul

Den kjem eigentleg frá ein østerrikkisk julesong: Stille natt, heilage natt. Og det er utan tvil den mest kjende julemelodien i heile verda. Jule-songen vart til ved eit samarbeid mellom presten og organisten ved Oberndorf kyrkje i Østerrike julaftan 1818. På ein eller annan måte var den omkring midten av forrige århundre også komen til Danmark utan at nokon visste kvar den kom ifrå.

B.S. Ingemann har truleg kome ober den på Lyngestegard. Han har vorte gripen av den vane melodien, og i Dansk kirketidende frá 8.12. 1850 kunne ein lesa den nye teksten han hadde skrive til den.

Tekst og melodi vart opphaveleg til i Oberndorf fordi orgelet i kyrkja var ubrukeleg julaftan 1818. Presten i kyrkja skreiv teksten til songen, og organisten skreiv melodien. Den vart laga for 2 stemmer med gitarakkompagnement. Presten song melodistemma og spela gitar til, og organisten song bass.

Orgelbyggjaren hørde desse song den nye songen, og han vart gripen av den. Han tok melodien med seg heim til Zillerthal der han budde, I

Framhald neste side

den byen var det 4 systre som var vidgjetne for sine fjell- og seter-
sogar. Desse fekk høyra melodien av orgelbyggjaren, og dei tok han
med seg på sine konsertreiser.

Slik fann den vegen frå den vesle fjelldalen til storbyane i Europa, og
derfrå vidare utover heile jorda. Av di orgelet var i ustand den gongen,
vart vi ein fin julesong rikare.

Frå siste side

1981

1. jan.:

Arna kl. 11: res.kap. Sundsbø.

4. jan.:

Arna kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd.

11. jan.:

Arna kl. 11: res.kap. Sundsbø. Barnevakt.

Ytre Arna kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd.

Haukeland kl. 16.30: sokneprest Øy.

18. jan.:

Arna kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd. Barnevakt.

Ytre Arna kl. 11: res.kap. Sundsbø. Barnevakt.



**REDAKSJONSNEMNDA
YNSKJER ALLE LESARAR
EI GOD JULEHELG
OG EIT GODT NYTT ÅR**

ARNA SPAREBANK

Indre Arna - Espeland - Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt
beste gjennom 113 år.

ARNATVEIT AUTO SENTER

J. B. Myklestad
5260 INDRE ARNA
Telefon 24 07 40 — Privat 22 69 01

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossagt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning

Hagesenter
Kransebinderi

EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørjes
opsatt.

Assurandør

OLAV A. HOVDEN

Er autorisert rådgiver i forsikring.
Han hjelper Dem med alt innen
forsikring, finansiering, og lea-
sing. Ring, stikk innom eller send
noen ord.

Storebrand  Idun
for sikkerhets skyld

Postboks 17, 5260 Indre Arna
Telefon 24 15 32 — Privat 28 08 11

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte
vogner. Prøv hos oss De og-
så. Vi gir god service.

Kversøy Bilforretning

EPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har laveste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-
de av elektriske forretninger
EL-KJØP

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Velkommen til kyrkje



7. des.:

Arna kl. 11: res.kap. Sundsbø. Nattverd. Barnevakt. Offer til Bjørgvin stiftssenter.

Arna kl. 16: Barnekor og Musikkorps. Andakt.

Arna kl. 19: JULEKONSERT. Arna Kyrkjes Messingensemble, Arna Kyrkjekor og Arna Orkesterforening dir. Paul Leithaug.

Ytre Arna kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd. Barnevakt.

Unneland kl. 16.30: Lysmesse

14. des.:

Arna kl. 11: sokneprest Sellevold, Barnevakt. Offer til Arna Bedehus.

Ytre Arna kl. 19: Julekonsert. Breistein Mannskor, TERTNES Sangkor, Arne Musikkforening, soknepr. Øy.

Trengereid kapell kl. 11: sokneprest Øy.

21. des.:

Arna kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd.

Ytre Arna kl. 11: Stud. teol Stein Ove Skadal.

24. des.:

Arna kl. 15: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Arna kl. 16: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Ytre Arna kl. 15: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Ytre Arna kl. 16: res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp.

25. des.:

Arna kl. 11: Høgtidsgudsteneste ved res.kap. Sundsbø. Arna Kyrkjekor. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Ytre Arna kl. 11: Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

26. des.:

Arna kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd.

Trengereid kapell kl. 11: res.kap. Sundsbø.

28. des.:

Arna kl. 11: res.kap. Sundsbø.

Ytre Arna, kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd.

Takvam kapell kl. 16.30: Julegudsteneste. Sokneprest Øy, Nattverd.

31. des.:

Arna kl. 23.15: Midnattsmesse.

Ytre Arna kl. 23.15: Midnattsmesse ved res.kap. Sundsbø.

Framhald side 14

PRIORITERT BLAD